# BOKN BYGDABLAD

NR. 6 – JULI 1999 - ÅRG. 14

Smiå – s. 3 Motordilla – s. 6 Ordførarkandidatane – s. 10 Hagelaget 15 år – s. 14




Innbrot – s. 15 Russ – s. 16 Båtbyggaren – s. 22 Kjempebra – s. 26 Suksess – s. 31

BOKN KOMMUNE

# KJÆRE LESARAR!

Du har eit innhaldsrikt bygdablad i hendene. Det kan eg ikkje minst takka dei to ungdommane for, Geir Helge Christiansen og Susanne Grønnestad, som har hatt sommarjobb i redaksjonen i to veker. Dei har vore både her og der og m.a. intervjua ordførarkandidatane no to månader før valet. Valkampen blir på fleire måtar personfiksert og amerikanisert med den måten kommunen har valt at ordføraren skal veljast. Kandidatane har fleire interessante meiningsytringar. På ulike måtar fortel dei om korleis folketalet skal aukast, og det er barn og unge som skal prioriterast i framtida. Sjølv er eg som musikkpedagog og kulturarbeidar bekymra for kva retning kommunen tar når det gjeld den lovpåfesta musikk– og kulturskulen og organisert fritid for barn og unge, med tanke på innsetting av ressurser i framtida. Å satsa på kultur, slik nabokommunane gjer, og spesielt Tysvær, er etter fleire si meining, m.a. Fylkesordføraren, nøkkelen til å snu den negative folketalsutviklinga. Då tenkjer eg ikkje på det positive fødselstalet Bokn får i år, men om folk kan og vil satsa på Bokn i framtida. Er det nokon som spør dei som flyttar ut om kvifor dei gjer det? La oss håpa ordførarkandidatane har gode planar om korleis dei vil satsa på barn og unge sjølv om ingen nemner musikk– og kulturskule når dei fekk spørsmål om det.

Sjølv om dette bladet er innhaldsrikt, kunne det vore betre, akkurat som véret. I motsetning til sommarvéret kan me gjera noko med bladet. Informasjonsrutinene i kommunen skal gjerast betre, og lesarane skal få breiare og meir allsidig informasjon i Bygdabladet. Bladet er under evaluering og eg håpar og går ut i frå at lesarane skal få enno betre informasjon frå kommunen i løpet av hausten.
Kulturkontoret flytter no ned på Boknatun, og frå veke 31 kan eg treffast i gamle postlokala, med same inngang som blei brukt når folk tidlegare skulle på posten. For meg er det spesielt å bytta arbeidsplass etter 13 år i skulebygget.

Den siste kulturkalenderen i dette århundret er i trykken samtidig som eg skriv desse orda, denne gong med ein del natur– og friluftslivsbilder. Ordføraren kan fortelja at det i juni er registrert 135 besøkande på Boknafjellet, i alle fall er det 135 som har skrive namnet sitt i boka der oppe. Det som er litt tankevekkande er at forholdsvis lite boknarar har skrive seg inn i boka. Viss ein trekker i frå skuleklassar og barnehage er det svært få av dei som bur i kommunen som står der. Det kan vera ulike grunnar til det, men me får i alle fall
veta at mange besøkande veljer Bokn's landemerke som turmål. Ta deg ein tur opp!

Det er sett i gong fleire prosjekt i kommunen i år, og eitt av dei er Alvestad nærmiljøanlegg. Me jobbar etter ein godkjent plan i tre trinn, og det skal søkjast om spelemidlar til prosjektet i haust. Folk har sikkert lagt merke til all sanden som er sprøyta på stranda og ut i sjøen ved badeplassen, 180 tonn. Problemet no er at me ikkje fekk overskotsmasse frå Statoil etter Europipe II, og det tar ei stund før moloen kan gjerast ferdig etter intensjonane. Meininga er at han skal svinga for å gå sørover slik at sanden ligg på plass og det blir Bokn's varmaste basseng. Fagfolkene vil så sprøyta ut enno ei båtlast med sand. Folk er hjarteleg velkomne til sandstranda i sommar, og me håpar at når du les dette er det fint sommarvér, slik at det kan realiserast. Sandvolleyballbanen over stranda har også fått same type sand. Stolpar, nett, beplantning og leveggar står også på planen i år.



**Idyllisk strand når véret er bra.** **Foto: JH**



**Her skal det bli sandvolleyball-bane.** **Foto: GHC**

ELDREÅRET 1999

# SMIÅ I FØRESVIK

Tekst og foto: Reidar Alvestad

**Eldreårskomiteen i Bokn har diskutert ulike måtar å formidla kunnskapar om arbeidsliv og yrke slik det var for ein del år sidan. Ein måte å gjera dette på, er å la eldre folk fortelja om arbeidet sitt t.d. i barnehage, skule eller andre samanhengar der det er unge til stades som kan lytta og spørja. Ein annan måte kan vera å bringa skriftleg informasjon gjennom Bygdabladet.**

Eg reknar med at dei fleste i min generasjon og dei som er eldre hugsar Tom Snekkevik som var smed i Føresvik.

Den dag i dag ser du bygningen som smia låg i - ved strandkanten rett sør om Bokn Plast. Då smia var i drift, var det også ein hermetikkfabrikk som låg på Holmen der Bokn Plast er i dag. Der røykte dei sardiner og la dei ned på boks, og mange boknarar, særleg kvinner, hadde arbeid der.

Eg har snakka med dotter og svigerson til Tom, Anny og Peder Wåge, og dei fortel litt om korleis det var då smia var ein viktig del av dagleglivet på Bokn.

**Tom med familien utafor smia. Hermetikkfabrikken i bakgrunnen.**
**( lånt bilde frå familien )**

## EIN GOD DEL ER TATT VARE PÅ

Bygningen som smia ein gong låg i, er påbygd og ominnreda, men på ein måte som gjer at han glir godt inn i miljøet. Peder viser meg rundt i bygget, og finn fram diverse verktøy og maskinar som ennå er intakte.

Peder syner meg det rommet der smia låg.



**Boremaskinen**

Grua er borte, men både boremaskin og dreiebenk står att i verkstaden. I si tid vart dei drivne av ein stasjonær motor, seinare av ein dieselmotor.

Elles fins det masse anna utstyr, m.a. ambolt, hammar, snitt og skrustikke. Dette vekker mange minne for Peder som syner det fram for fotografen.



**Anny og Peder. Ein messing lysestake og nokre andre småting som Tom har laga står framfor dei.**

## "PEDER SMED"

Peder arbeidde også mange år i smia, frå 1946 til første del av 1960-åra, og fekk etter kvart tilnamnet Peder smed. Dette vart vel mest brukt for å skilja han frå andre som hadde same føre- og etternamn. Med "smed" etter namnet var det aldri tvil om kva for ein Peder ein meinte.

## SMEDEN KOM FRÅ SNEKKEVIK VED ÅRVIK

Tom Snekkevik kom frå Snekkevik som ligg ved Årvik – ikkje langt frå Kårstø.

Han hadde gått i smedlære i Haugesund, og hadde hatt litt forskjellig arbeid. M.a. hadde han arbeidd på ein verkstad i Kopervik og vore maskinist på hermetikkfabrikken i Føresvik. Han hadde også vore maskinist på ein båt. Ei tid budde han i Myrå i Alvestadkroken kor han dreiv ein mindre verkstad i løa før han rundt 1923 kjøpte eigedomen i Føresvik der smia ligg. Denne hadde berre grunnmurar då, og han kjøpte eit rivingshus der han brukte materialene til å setja smia opp med. Maskinar og utstyr kjøpte han frå ein verkstad som var nedlagd i Skudenes.

I Bokn vart Tom gift med Tora som saman med søstera dreiv butikk der det gamle handelslaget låg – på søre sida av brua som gjekk ut til Holmen. I dag er området der brua låg utfylt med masse.

Tora og søstera kom frå Storasund på Karmøy. Etter at dei la ned butikken rundt 1922, vart Bokn handelslag skipa. Her dreiv Handelslaget butikken heilt til dei bygde nytt på Holmen i slutten av –50 åra.



**Det gamle handelslaget. Eit lite meieri låg på Holmen utafor bildekanten til høgre.**

**( Frå bygdeboksamlinga )**

## RIKELEG MED ARBEIDSOPPGÅVER

I smia var det nok av arbeid. Hovudnæringsvegane på Bokn var jordbruk og fiske, og det var ofte fiskebåtar som skulle ha reparert noko til motor eller båt i smia, eller bønder som skulle ha reparasjonar t.d. på jordbruksreidskap. Men også ting til hushaldninga som primusar, parafinspann m.v. trong reparasjon. For ein god del av arbeidsoppgåvene var reparasjonar. Det vart også montert og reparert motorar i båtar. Smeden kjøpte også opp motorar, fiksa og selde dei. I krigen laga han nokre vindmøller som produserte elektrisk straum.

Det var ein ulempe at det alltid vart ein del frakt på det han fekk til øya. Dermed måtte han legga dette på prisen for å få dekning.

I tidene før fiskesesongane var det vanlegvis mange båtar som låg og venta på å få arbeid utført, og fiskarane var andige for å koma fortast muleg ut på feltet. Og dei kom seg ikkje av garde om det var noko gale med motorar, akslingar og liknande.

Arbeidet i smia gjekk frå morgon til seint på kveld, med ei kvile etter middagen.

Anny fortel at det var skjeldan smedane kom heim frå arbeid før klokka ti om kvelden.

Då Peder vart gift med Anny, begynte han også å arbeida som smed i lag med svigerfaren. Tom lærte han opp. I periodar var han i tillegg ute på sesongfiskeri. I smia arbeidde han saman med Tom heilt til det ikkje lenger var grunnlag for å driva, omkring midten på 1960 – talet.

## SIKRE BETALARAR

Det var mest boknarar som gjorde seg nytte av dei tenestene smedane kunne tilby. Men det kunne også koma folk frå andre stader.

At boknarane gjorde opp for seg, trong dei aldri tvila på. Men så var det også slik at det var garantert skikkeleg utført arbeid.

## BEDRIFTER OG HANDVERKARAR

I tida frå 1920-åra og utover var det vanleg sjølv på mindre plassar at det var fleire handverkarar.

Som nabo hadde smeden i Føresvik hermetikkfabrikken på Holmen. Her var det mange arbeidsplassar, og folk kom også frå andre stader for å arbeida her, særleg frå Tysvær.

Elles var det før 1930 også eit lite meieri på Holmen. Her kinna dei smør og ysta gamalost. Elise Ognøy som nå er 92 år, arbeidde nokre månader på meieriet. Ho hugsar ennå korleis dei produserte gamalosten. Lengre oppe i bakken var det ein skomakarverkstad som Hallvard Gudmundsen dreiv i ein kjellar. Denne verkstaden dreiv han også etter krigen.

I Alvestadkroken var det bakeri i nordre del av butikken. Dette var også i drift i fleire år etter krigen. Eg hugsar at me ungane var inne og såg på bakarane når dei arbeidde. Dei steikte brød og anna bakverk i ein djup steinomn.

## MODELLSNEKKAR

Tom var ein dyktig modellsnekkar. Han laga modellar av motorar, propellar, drivhjul og liknande. Eigentleg kunne han laga omtrent kva som helst innan faget. Han laga også finare bruks- og pynteting som lysestakar i messing og andre mindre gjenstandar.

## KYRKJEPORTEN

Tom teikna og laga kyrkjeport før 1930. Denne er nå skifta ut, men nåverande port har hatt denne som modell.

Tom hadde svakt syn, og det er ein prestasjon dei kunststykka han kunne utføra i arbeidet sitt. Det krevde



**Dette er kyrkjeporten som Tom teikna og laga. I dag står ein tilnærma kopi av denne.**

**( lånt bilde frå fam. )**

eit utruleg godt handlag og fagkunnskap for å utføra slikt presisjonsarbeid med dei reidskapane han hadde å hjelpa seg med.

## SAMLINGSPLASS OM KVELDANE

Når hausten kom, og Tom tende "hønselykta" i smia, var det nokså vanleg at han fekk besøk av naboar og andre kjenningar som kom innom og slo av ein prat. Det kunne vera Sigvald Bokneberg, Kristoffer Håland, Arnt Bokneberg, Nils Sæbø, Daniel Sæbø og andre. Då kunne dei formidla nyheter og prata om laust og fast. Tom hadde ein lun veremåte, samstundes som han var slagferdig. Det vart nok fortalt mange historier i lange haustkveldar.

## DEI NYE TIDENE

Tida var slik før krigen at lite vart masseprodusert. Etter kvart utover i 1950 og –60 åra kom det opp fabrikkar i inn- og utland som kunne produsera ferdige reidskapar og motorar på løpande band. Saman med betra transport og handel og høgare levestandard kunne folk etter kvart skaffa seg rimelege masseproduserte varer, og smier, skomakarar, små bakarbedriftar og liknande kunne ikkje overleva. Og slik gjekk det også med smia i Føresvik. Det vart mindre og mindre arbeid utover 50-talet, og midt på sekstitalet gjekk det mot slutten av drifta. Men då hadde smia utført tenestene sine til beste for boknarane i rundt 40 år, og var blitt eit begrep.

I 1968 døde Tom - 80 år gamal.

## ANNY OG PEDER – OG HAGEN

Anny og Peder hadde mykje å fortelja om svundne dagar. Sjølv er dei 74 og 75 år gamle, men friske og livlege. Det som fangar blikket på eigedomen deira ein sommardag, er den fantastiske hagen dei opp gjennom åra har opparbeidd. Det er ikkje få billass med jord som er tilkjørt denne hagen som ein gong berre var ein bergknaus. Dei aller fleste plantane kjem frå stiklingar og frø. Her er enormt med tulipanar og andre løkplantar, rhododendron, roser og vintergrøne plantar. Det er eit vakkert syn like ved Boknasundet.

# HAN HAR MOTORDILLA

Tekst og foto: Reidar Alvestad

**Nokre hese skrik møter meg i tunet hos Elly og Ottar Borgenvik på Sæbø. Det kjem ikkje frå nokon av menneska som bur der, men frå ein påfuglhann.**



**Nå er det berre 4 påfuglar att på Sæbø. Ein vaksen hann og ein vaksen hofugl, og to andre som er to år gamle, og dermed ikkje kjønnsmogne før neste år. Men Ottar har lagt 10 egg inn i rugekassen frå den eldste hoa, og håpar på påfuglkyllingar.**

## FEKK DET FOR TRAVELT

Det er ikkje så lenge sidan Ottar hadde ein heil koloni av ulike fugleslag frittgåande og i bur. Det var mange slag høns, gjeser og fasaner. Det blei prøvd å få ville fasaner på Bokn ved å setja dei ut, men dei vart tekne av hauk og rev. Det har lukkast på sørsida av Boknafjorden å få fasaner til å overleva ute i naturen.

Dei seinare åra har Ottar fått så mykje å henga fingrane i, at han måtte trappa ned på fuglehaldet. I tillegg var fuglehus og innhegningar så nedslitne at han måtte til med eit større prosjekt om han skulle halda fram. Han valde difor å gradvis skjera ned på antal fuglar.

Etter at Elly og Ottar har overtatt gardsdrifta på nabogarden, har dei meir enn nok å gjera. Dette er i tillegg til at Ottar har full stilling i Telenor, og Elly kjører ein del taxi. Når dei også har garden, er det begrensa kor mykje tid det er att til hobbyar.

## FJØSET FULLT AV GAMLE MOTORAR

Du ser knapt ein motor ute når du kjem ned i tunet til Ottar og Elly Borgenvik. Grunnen til dette er at han har bestemt at alle motorane han får til gards skal inn under tak. Og kor finn du dei?

Jo, dei fleste er i "fjosen" i løa. Det er litt av eit syn som møter deg på lagringsplassen. Her ser det ut som ein blanding av museum, motorlager og verkstad.



**3-hjuls traktor frå Laupland på "lageret".**

Mellom alle motorane og reidskapa står ein 3-hjuls traktor som har vore i drift hos Ole Laupland. Denne er i Bokn bygdemuseums eige, men står lagra hos Ottar. Han er heilt i orden.

Ein annan traktor har han oppe på låven. Det er den gamle traktoren til Nils Sæbø. Ein Allgeier Porsche 1-sylindra 12 hestars diesel. Denne har originaldekka på bakhjula, og går som ei klokke.

**Samlaren i sitt rette miljø på Sæbø-traktoren på låven.**

## LETT Å SAMLA, VERRE Å FÅ PLASS TIL ALT

Ottar fortel at han har fått dei fleste motorane og reidskapa. Mange vil kvitta seg med gamalalt, for ikkje å snakka om å få tid til å reparera og setja ting i stand. Men han har ein filosofi med det heile: Få det under tak og stoppa forfallet. Så får ein håpa og tru at det ein

gong let seg gjera å fiksa det seinare. Han har eit håp om å få til noko meir ein gong når tida er inne.

## GAMLE MOTORAR

Den nyaste bygningen på garden er også full av motorsyklar og motorar, i tillegg til at han har verkstad her. Han viser ein motorsykkelmotor frå ca. 1920 som er funnen i jorda på Karmøy. Det er ein motor av merke "Reve" (fransk) 600-1000 kubikk – 5 hestar. Ottar fortel at på desse eldre motorane var det ikkje nødvendigvis gir.

Han har også båtmotorar av eldre merke, t.d. ein liten Gøta-motor 2-taktar. Det var også folk her på Bokn som hadde denne typen på 30-40 talet. Det var ikkje kopling på desse, og dei kunne ikkje bakka. Dei måtte berre stoppa motoren, og bruka årar når dei skulle inn og ut frå brygga. I denne verkstaden driv Ottar med spiling av motorykkelhjul i "ledige stunder", som han seier. Det er svært få som driv med slikt arbeid i dag, og det krev stor presisjon.

**Fransk motorsykkelmotor frå ca. 1920.**

## LYSMOTOREN I ALVESTADKROKEN

Mellom alt det andre i verkstaden står ein 6 hestar Wichman frå 1941. Denne var først brukt på "Aud II" – deretter vart han sett opp på land i eit lite motorhus, og brukt som lysmotor for eit par bustadhus i Alvestadkroken i åra før Bokn fekk straum. Denne motoren er også i god stand.

Ingen regel utan unntak: to motorar er førebels forsiktig plassert ute. Den eine er ein Skude 16 hestar motor som han har fått frå ein nedlagd verkstad i Slåttevik. Han har vore i ein 40 fots gavlabåt.

## 50 MOTORAR

Til saman har Ottar rundt 50 motorar, og dei fleste er båtmotorar. Men han har også nokre stasjonære motorar som t.d. ein treskemotor.

Ottar meiner at ein av dei sjeldnaste motorane han har, er ein Agder motor som har produksjonsnr. 4.

## KULTURMINNE

Inne i løa i det tidlegare fjøset fins dei fleste motorane. Innimellom alt anna står også eit tidstypisk kulturminne frå fiskarmiljøet i Bokn frå sildefiskeria sin glansperiode på 50-talet. Det er ein 4-sylinders Marna bensinmotor som det var mange av i Bokn. Dei vart brukte i doriane. Når Ottar startar motoren er eg brått minst 40 år tilbake i tid.




**Lysmotoren frå Alvestadkroken. I bakgrunnen luftavkjølt 2,5 hestar Taifun påhengsmotor frå 50-talet .**

Ottar har to båtar med oppfyringsmotorar. Desse likar han spesielt godt, då dei har ein eigen og spesiell klang. Til saman har han ca 15 oppfyringsmotorar i samlinga si.

## DEN BESTE SYKKEL

I –50 -åra sa ungane at DBS-merket på syklane var ei forkorting for Den Beste Sykkel. I alle fall har Ottar eit eksemplar av ein sykkel – antakeleg frå –30 åra med lærveske for verktøy under setet, lærsete og ennå i ganske brukbar stand etter litt oppussing. På det solide lærsetet står det: "Norsk Prima Kvalitet". Setet er like fint. Ikkje noko tynt kunststoff som på dagens syklar som det går hol på etter eit lite sykkelvelt.



**Den Beste Sykkel.**

## UHELBREDELEG

Dette er eit uttrykk han sjølv brukar når han skal setja ord på interessene sine. For ein amatør i Bygdabladet

er det uforståeleg at ein person kan makta å ta seg av så store mengder motorar, traktorar, motorsyklar og andre ting, og tenkjer på å setja det meste i stand. Dersom ektefellen Elly ikkje hadde stilt opp og tatt fjøsstell og andre ting, ville han ikkje ha kunna drive det slik som han gjer i dag.

Masse av faguttrykka og detaljane går meg hus forbi, men eg skjønar at entusiasmen til Ottar er stor og ekte. Men likevel – også for ein ikkje-forståsegpåar, var det interessant å sjå samlinga, og ikkje minst påkalla det minne frå 50-åra når sildefiskeria, brislingfisket, størjefisket og makrellfisket hadde sine beste tider. Det var ikkje vanskeleg å kjenna att lyden frå dei ulike motorane.

**DRAUMEN**

Tru kan flytta fjell, og Ottar meiner at ved hjelp av pri vate eller offentlege instansar vil ein etter kvart kunna sjå resultat, slik at mykje av det som er samla kan plasserast på ein høveleg plass som er tilgjengeleg for folk flest. Eller som han sjølv så optimistisk seier: "Har du klave- får du ku".

**DET SOM VEKS**

Som om det ikkje skulle vera nok med interesse for fuglar og alt som har med motorar å gjera, veit nok mange at Ottar også har stor interesse for natur og friluftsliv. Speidaren har hatt god støtte i Ottar, og han er ein aktiv jaktmann. Det er berre tida som gjer at han ikkje får halda hagen slik det ein gong var, men han syner meg nokre skjeldne plantar i drivhuset og i hagen. Planten i hagen skulle han gjerne visst namnet på. Er det ei "Tromsøpalme"?



**4,5 hestar Sabb semidiesel båtmotor frå 40-50-talet.**



**Plante med ukjent namn.**



## HUGS AT BYGDEMUSÉET ER OPE

**kvar sundag kl. 15.00-18.00 i mnd. juni, juli og august.**

**Bokn bygdemuséum, med over 3.000 gjenstandar, er i høve til folketalet Rogalands best utbygde bygdemusèum. Her kan du gå gjennom kjøkken, bestestove og soverom slik det var fyrst i vårt hundreår. På musèet finn du også skomakarverkstad, skulestove, fiske- og jordbruks avdeling slik dei var for generasjonar sidan.**



HELSESEKSJONEN INFORMERER

# HELSESTASJON FOR UNGDOM - NYTT TILBOD TIL BOKNAUNGDOM

Bokn kommune har gått inn i eit samarbeid med Haugesund, Karmøy, Tysvær og Sveio kommune om eit helsestasjonstilbod for ungdom. Helsestasjonen ligg i 4.etasje på Markedet i Haugesund.

Kva består tilbodet i ?
Du kan få samtale med ***helsesøster, lege, eller psykolog*** utan å bestille tid. Tilbodet er gratis. Dei som arbeider ved her har taushetsplikt.

Kven kan nytta tilbodet ?
All ungdom mellom 13 og 19 år.
Går du på vidaregåande skule i Haugesund, kan du og ta kontakt med Helsesøster i vidaregåande skule.

Kva kan dei hjelpa deg med ?
Ungdomstida er ei fin tid, men den er prega av både fysiske og psykiske endringar i kroppen. Nokon av oss kjem gjennom denne tida utan særlege problem, andre strevar meir.

Helsestasjon for ungdom kan gi støtte og veiledning
i denne livsfasen, slik at det kan bli lettare å takle/meistre dei utfordringane som kjem.

Det kan være godt å ha nokon å snakka med om for eksempel :

- Vanskelig livssituasjon (for eks. heime, på skulen, i arbeid, i fritida)
- Mistrivsel og psykiske problem
- Spiseforstyrrelser
- Rusmiddelproblem
- Helseopplysning
- Graviditet
- Prevensjons/seksualopplysning
- Kjønnsjukdommer
- Evt.henvisning til spesialist

**Helsestasjon for ungdom:**

- **4 etg. på Markedet, inngang i kjøpesenteret**
- **Kvar torsdag frå kl.16.00 – 18.00**

## LEDIG STILLING SOM AMBULANSESJÅFØR I BOKN

**Det er ledig 23,20 % stilling som ambulansesjåfør frå 01.10.99. Vi søkjer ein sjåfør med relevant utdanning for ambulanseteneste. Opplæring for sertifisering på Heartstart vil bli gitt i starten på september.**

**Arbeidstida er vaktteneste for ambulansen kvar tredje veke kl.15.00 – 07.30, døgnvakt påfylgjande helg. Samarbeid med vakthavande sjukepleiar ved utrykningar.**

**Stillinga er løna etter Hovedtariffavtalen etter utdanning og ansennitet.**
**Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår**

**Opplysningar om stillinga får ein ved å kontakta leiar for helseseksjonen, Gunn Grønnestad, tlf.52752534 eller nestleiar Miriam Berland, tlf.52752530.**

**Søknad med CV og relevant informasjon sender ein til Bokn kommune, Tilsetjingsutvalet for Helse, 5561 Bokn innan 30.juli 1999.**

***Rådmannen***

**Forslag til handlingsplan for Helseseksjonen vil bli lagt ut til offentlig ettersyn ved Servicetorget, Boknatun. Merknader til planen må være mottatt innen 25.08.99.**

**Seksjonssjef Helse**

VALG '99
Kommunestyre- og fylkestingsvalg

Valet og ordførarvalet nærmar seg raskt. Geir Helge Christiansen og Susanne Grønnestad har hatt ein prat med alle ordførarkandidatane, der alle fekk dei same spørsmåla. Lengda på artiklane er tilfeldige, og gjenspeglar det dei hadde på hjarta akkurat den dagen. Kanskje desse artiklane vil vera til hjelp for usikre veljarar?



Arne Hosaas er 47 år og jobber som lærer. Han flyttet til Bokn for 21 år siden, i 1978.

- Jeg har vel 33% sjanse slik som de andre kandidatene..., sier han.

Han mener at hans sterkeste sider er at han har lang erfaring innen økonomi, og juss. Han har også god erfaring innen politikk, og har vært varaordfører i Bokn kommune før.

Når det gjelder helse vil han videreføre den modellen som helsetjenesten i Bokn går etter, men vil jobbe for at den blir forbedret. Innen sosial mener han at folk skal få det de har krav på, og kommer til å jobbe for det. På skolen har han en del planer; han vil sørge for at utbygginga av skolen blir fullført. Han vil satse på ungdomstrinn og spesialrom. Han vil også videreføre driften i skolen slik den er i dag. Mulig sammenslåing av klasser er ikke uaktuelt. Når det gjelder barnehageseksjonen, håper han på et nytt barnehagebygg ved skolen.Der får de bedre plass, og ligger også mye mer sentralt. Ellers vil han holde barnehagedriften på det nivået den ligger på i dag. Når det gjeld bustad, næring, miljø og naturvern ønsker han å bygge boligfelt beregnet på de som vil flytte til Bokn. Som ett eksempel nevnte han et boligfelt som skal være klart om et års tid. Det kommer til å ligge på austre Bokn, og han påpeker at han vil bygge flere slike. Han mener det er svært viktig for kommunen å gjøre den kjent. For å få innbyggertallet opp vil han presentere Bokn kommune som en ypperlig plass å bosette seg. Han vil også fremme satsingen på jord– og gardsbruk. Når det gjelder teknisk vil han videreføre driften på samme nivå som i dag.

Arne Hosaas vil ikke sette så mange planer ut i livet , men vil satse på å gjennomføre de planene som aldri har blitt avsluttet. Før han lover noe nytt vil han bli ferdig med alt det gamle. Han vil også sørge for at det meste av driften i Bokn kommune blir videreført på samme nivå som i dag.

- Jeg tror at Bokn vil bli et mer attraktivt område å bo i. Både når det gjelder arbeidsplasser, miljø og natur..." svarte Arne.

- Velgerne bør stemme på den kandidaten som best oppfyller deres krav. Selvfølgelig ønsker jeg at det blir meg, men det er jo deres valg" sa Arne.

# SPØRSMÅLENE

- Hvor god sjanse har du til å bli ordfører? Hvorfor mener du det?
- Sterke sider?
- Hvis du blir ordfører, hva vil du gjøre på disse områdene for at Bokn skal være en god kommune å bo i:
  - Helse?
  - Sosial?
  - Skule?
  - Barnehage?
  - Bustad/næring/ miljø/naturvern?
  - Kultur ( inkl. musikk- og kulturskule )?
  - Teknisk?
- Hva blir det viktigste for deg?
- Hvordan går det med Bokn i neste århundret?
- Hvorfor bør velgerne stemme på deg?

# VAL AV ORDFØRAR:

Ordførar i Bokn kommune skal veljast ved direkte val for valperioden 1999-2003. Valet skal skje samstundes med kommunestyrevalet 1999.

Direkteval av ordførar skjer ved at veljarane gjennom ein eigen røystesetel stemmer på den dei ynskjer skal vera ordførar dei komande 4 åra. Namnet på dei som er ordførarkandidatar vil stå på røystesetelen.

Ein kan ikkje røyste på andre kandidatar enn dei som står på røystesetelen.

Den av kandidatane som får flest røyster er vald som ordførar. Dette under forutsetning av at minst 50% av dei som har røysta ved kommunevalet også har røysta på ein av ordførarkandidatane.

Svein Ove Alvestad er 37 år og jobber som fiskeoppdretter. Han er født og oppvokst i Alvestadkroken på Bokn.



- Sjansen for at jeg skal bli ordfører er vel i utgangspunktet like stor som de andres, altså en tredjedel... svarte Svein Ove.

Når det gjelder sterke sider mener han at han har forholdsvis god erfaring innen økonomi, kan ta kjappe beslutninger når det trengs, og han mener han kan se helheten av Bokn. Han har også god politisk erfaring.

Svein Ove vil, når det gjelder helseseksjonen, holde på de ordningene som vi allerede har. Men noe vil han prøve å forbedre; han vil prøve å få inn mer fagfolk i personellet, og vil jobbe mye for å beholde sykebilen i kommunen. Når det gjelder sosial vil han holde på de ordningene som er og sørge for god videre drift. Innen skole vil han bygge ungdomstrinn. Det er en ting han vil prøve å unngå; og det er sammenslåing av klasser. – Det kommer litt an på fagene, men jeg vil gå inn for minimal klassesammenslåing. I barnehagen vil han opprettholde full barnehagedekning slik me har i dag. Det eneste han muligens vil endre er åpningstidene, han vil gjøre dem mer fleksible. Nytt barnehagebygg vil han også gå inn for dersom økonomien strekker til. Da kan det nåværende barnehagebygget bli brukt til noe annet, for eksempel kulturelle formål. Angående boliger vil han gå inn for at det i kommunen skal være tilstrekkelig med boligtomter, både kommunalt og privat. Han vil også gå inn for spredt bebyggelse. Kanskje kan det bygges et boligfelt i Straumen? For han vil markedsføring stå sentralt dersom han vinner valget. Han vil visa Bokn kommune sine positive og gode sider for å få folk til kommunen. Han vil by på fine tomter, kanskje med plass til sjøhus og båt? Når det gjelder næring vil han jobbe for å kunne opparbeide industri rundt gassen som Bokn nå kan få tilgang til. Han understreker at det ikke vil bli en lett oppgave, men så skal jo ikke alt være lett heller.

Han vil også ta vare på dagens bedrifter, hjelpe dem og utvikle seg. Han vil markedsføre Knarholmen, og tilrettelegge det for fiskere og fiskerirelatert virksomhet. Svein Ove mener og at jordbruk er viktig for Bokn.

– Bøndene må stimuleres til samarbeid, noe som kan lønne seg godt økonomisk. En felles avløserordning for fiske, oppdrett og gard er noe som kan bli aktuelt. Når det gjelder miljø og naturvern mener han at vi må ta godt vare på naturen, men det må ikke bli slik at det hindrer næringens utvikling. Han mener boknerene er flinke til og ta vare på naturen og ser ikke på dette som noe stort problem. Innenfor området kultur vil han øke tilgangen til kulturmidler. Her er det ungdommen kommer inn. – De må få en plass der de kan drive for seg selv, innenfor visse rammer selvfølgelig. Men jeg tror det er bra for dem at de får en del av ansvaret selv, sa Svein Ove. Det er mange lokaler som kan være aktuelle, deriblant det nåværende barnehagebygget og Bokn plast, hvis flytting blir aktuelt. Når det kommer til dans på skolen synes han det er et positivt tiltak. Da kommer flere generasjonen i lag og har det gøy. Han mener det er en bra kombinasjon. Når det gjelder slike
arrangementer mener han at de forskjellige lagene og organisasjonene ikke burde være redde for å gå med underskudd. Han vil opprette en ordning som kan garantere dem overskudd.

Kommunen er egentlig til for innbyggerene og skal yte service for dem. Det viktigste for han vil bli å få skolen ferdig, og å skaffa flere arbeidsplasser for å få folk til Bokn. Satsing på ungdom vil også bli viktig. Han vil få det meste ut av de ressursene me har i kommunen.

Bokn kommune vil utvikle seg i positiv retning i det neste århundret. Bokn er et livskraftig samfunn som folk snart vil oppdage. Det er bare snakk om tid og litt markedsføring. Men han understreker at hundre år er lenge, og at mye kan skje.

Jeg tror jeg kan gjøre det veldig bra for Bokn kommune sin del. Jeg vil prøve å utnytte de tilgjengelige ressursene slik at alle, barn eller voksne, store eller små, unge eller gamle, syke eller friske, får nytte av dem. – Viss vi utnytter alle ressursene maksimalt blir det kanskje nok til alle..., kommenterte Svein Ove.

VALG '99 Kommunestyre- og fylkestingsvalg

Neste side:
Sigurd Johnny Svendsen →




Sigurd Johnny Svendsen er 62 år og jobber som birøkter, og er produsent av spesialhonninger. Han flyttet til Bokn for 18 år siden, i 1981, men føler seg aldeles som en ekte Boknar.

- Sjansen til å bli ordfører er vel den samme for meg som for de andre kandidatene, men det er jo velgerne som avgjør hvem de vil ha.

Av sterke sider påpeker han at han har lang og brei politisk erfaring, med flere år i kommune– og fylkespolitikken. Han har sittet i Landbrukspolitisk utvalg i den forrige Stortingsperioden.

Innen helse og sosial vil han, hvis han blir ordfører, drive denne delen frem på samme måte som nå, og viss mulig gjøre den bedre og mer effektiv. Skolen vil han prioritere. Han vil fullføre skolen slik at den kan fungere etter hensikten. Han vil også gå inn for bygging av barnehage, men kunne tenke seg en annen plassering. I stedet for å bygge den ved skolen hadde han foretrukket at den ble bygget et stykke unna, slik at den kunne fungert som naturbarnehage. Når det gjelder bolig, bustad, næring og naturvern har han mye han vil gjøre. For å få opp innbyggertallet vil han markedsføre kommunen på en mer effektiv måte, og han vil prøve å legge en del av markedsføringsarbeidet inn under ordførerstillingen. Når det gjelder kultur sier han at han vil gjøre noe for ungdommen, i stedet for bare å love. Han mener at ungdommen må bli et satsingsfelt. Han vil forsøke og hindre at de flytter fra Bokn, og mener at det nå er på tide at noe gjøres på flere plan. Teknisk vil han drive på samme måte.

Det viktigste for Sigurd Johnny vil være å få økning i innbyggertallet og flere og mer varierte arbeidsplasser. Han vil prøve å få frem at det er en ideel kommune og slå seg ned i, med fin natur og gode forhold både for familier og næringsdrivende. – Jeg vil legge til rette for boligbygging både i byggefelt og i områder der det er ønskelig at bosettingen blir opprettholdt. Til en viss grad skal det også tillates spredt boligbygging der det ikke forurenser nærliggende vannkilder, eller fører til andre ulemper. Han vil også arbeide for at landbruket skal få gode vilkår, og ikke minst tilgang på økonomiske midler fra det offentlige til omstillinger og alternative produksjoner, i langt større grad enn i dag.
I det neste århundret tror han at Bokn kommune vil utvikle seg i en positiv retning. Kommunen vil bli en bedre plass å bo, vokse opp, jobbe og å bli gammel i.

Til slutt nevner han at det må tenkes helt nytt med tanke på ungdommen og ungdomsarbeidet i Bokn.
– For uten ungdommene er ikke Bokn liv laga, og det må vi ta på alvor før det vert for seint!

Geir Helge Christiansen og Susanne Grønnestad spurde, nærast for moro skyld, 29 tilfeldige stemmeberettiga personar, utan tanke på alder eller kjønn, om kven dei kunne tenka seg å stemma på viss det var val i dag. Dei spurde også om kven dei trudde vann ordførarvalet. Dette skjedde på Bokn Handelslag og Alvestadkroken Landhandel 29. og 30. juni.

Då svarte 14 at dei kunne tenka seg å stemma på Arne, 9 på Svein Ove og 1 på Sigurd Johnny, og 5 personar visste ikkje.

20 av dei spurde trudde Arne vann, 7 trudde Svein Ove vann, 1 trudde Sigurd Johnny vann, og 1 person svarte veit ikkje.

Eg presiserer at dette ikkje er nokon gallup, men ei nøytral temperaturmåling om interessa blant boknarane for direkte ordførarval to månader før valet. Samtidig vil Bygdabladet vera med og skapa interesse for det som skal skje 13. september.

Etter planen vil me også spørja ei gruppe etter at folk har lese desse presentasjonane av ordførarkandidatane. Dette vil stå i september-utgåva.

# BOKN HAGELAG PÅ TUR TIL STORD!

**Tekst og foto: Eva Brunborg Svendsen**

Søndag 6: Juni reiste 18 glade "hagere" + 1 kommende hagekar på tur i buss til Leirvik. Eli var den glade bussfører– som førte oss trygt til 3 forskjellige hager.

Kjellaug Guddal Sæbø var den første vi besøkte, og her var det mye spennende å se både av blomster og kunstnerisk utsmykking. Ja det er bare fantasien som stopper en.





Neste hage hadde et annet preg, den var det herr Sullivan som eide. Her vokste de mest spennende ting, bl. a. lyng som også vokser på Madeira.



Foto: Ragnhild Trosnavåg

Den tredje hagen tilhørte Martha Londal m/mann. En herlig hage å vandre i, så mye vakkert å se, og så u-trolig flott bygget opp. Alt grovarbeid var håndkraft av mannen.



Det ble litt regn da vi kom hit, men Martha hadde ordnet det slik at vi fikk plass i stuen hennes, hvor de serverte kaffe m/hjemmebakst. Alle tre hageeierne fikk hver sitt glass energihonning.

Takk for en fin tur til alle de som tok så vel imot oss, og til alle de som var med. Eli ble takket med 1 års medlemskap i hagelaget.

Bokn hagelag feiret 15 år lørdag 8. Mai i forbindelse med den årlige hagedagen. Uteplassen på skolen var pyntet med flagg og nyutsprunget bjørk, og "gjestene" fikk marsipankake.

Ellers ble det solgt lapper og kaffe og folk, store som små, koste seg i det fine været.

Sandvik var med og solgte planter, og handelen gikk lystig. Det samme gjorde loppemarkedet til barna– mange var fornøyde med handelen og kjøpet.

Jubilanten fikk en flott gave fra Karin & Odd, kr. 5000 som skulle brukes til beplantning ved omsorgsboligene. Tusen takk!!!

Vi hadde loddsalg, og mange fine gevinster ble godt fordelt.

Ragnhild takket 7 medlemmer som hadde vært med i laget fra starten, med hver sitt rosetre.

2 nye medlemmer ble vervet denne dagen.

**( Tekst & foto: Eva Brunborg Svendsen )**

# KULTURMIDLAR 1999

**Desse blei fordelte i driftsstyret 17. juni, og vedtaket var samrøystes. Summane er sette inn på søkjarane sine kontoar.**

**Det var kr. 90.000,- i potten i år, etter mange år med kr. 80.000,- Heile 11 lag fekk det dei søkte om. Idrettslaget, Musikkorpset og BORK fekk litt reduksjon i forhold til i fjor.**

**Kommunen har store forventningar i forhold til Bokn MC-klubb sine planar, der dei m.a. vil starta opp aktivitetar for ungdom mellom 10 – 18 år. Dette ungdomsprosjektet går m.a. ut på å reparera og disponera kommunen sine trialsyklar, og å undervisa i grunnleggande vedlikehald og reperasjonar av motorar og syklar. Det skal samarbeidast med interesserte motorforeldre av ungdomsmedlemmane, særleg med tanke på ulike temaer på klubbkveldane.**

**MC-klubben fekk ein del av dei kr. 20.000,- dei søkte om.**

| Lag/organisasjon | Fekk |
|---|---|
| Austre Bokn sundagsskule | 1.500 |
| Bokn barnekor | 2.500 |
| Bokn bedehus | 2.000 |
| Bokn hagelag | 1.500 |
| Bokn idrettslag | 14.000 |
| 1. Bokn KFUM – Bokn 1. KFUK | 10.000 |
| Bokn MC-klubb | 14.000 |
| Bokn musikkorps | 12.000 |
| Bokn ride– og kjøreklubb ( BORK ) | 10.000 |
| Bokn vevstove | 2.000 |
| Havnavegen velforening | 4.000 |
| Hognaland sundagsskule | 1.000 |
| Kyrkjebygda sundagsskule | 1.500 |
| Leirgrov velforening | 4.000 |
| Petra Fritidsklubb | 10.000 |

# TRE INNBRUDD PÅ TO UKER...!

**Tekst: Geir Helge Christiansen og Susanne Grønnestad**
**Foto: Geir Helge Christiansen**

***Mellom 4. og 17. Juni fant tre innbrudd sted på Bokn. Tyvene brøt seg inn på diskoteket, i barnehagen og på skolen. En gang mellom 4. og 6. Juni brøt tyver seg inn på diskoteket og i barnehagen. 17. Juni brøt de seg inn på de samme stedene, men også på skolen.***

6, juni ble det oppdaget et innbrudd på diskoteket og i barnehagen. Innbruddet har skjedd en gang mellom 4. og 6. juni. Tyvene brøt seg inn gjennom et vindu på diskoteket, og klarte og trenge seg gjennom alle dørene i hele etasjen. Tyvene brøt seg også inn i barnehagen gjennom en dør i diskotek- lokalene. Deretter gikk tyvene gjennom barnehagen på samme måte som i under etasjen. Det ble ikke stjålet noe nede på diskoteket, men tyvene tok med seg PC– boksen til dataen, og en del kontanter, fra barnehagen.
Den 17 juni skjedde det igjen, men denne gangen brøt de seg inn på diskoteket, i barnehagen og på skolen.



**Barnehagen måtte kjøpe ny PC som de egentlig ikke hadde råd til p.g.a. det stramme budsjettet. Her ser du barnehagestyrer Jarle Haakonseth ved den nyinnkjøpte datamaskinen.**

På diskoteket og i barnehagen brukte de samme fremgangsmåte som ved forrige innbrudd. Denne gang fikk de med seg 120 CD-plater og en del snop fra kiosken på diskoteket. I barnehagen tok de en skriver og et kamera.

**På alle dørene var det skjært ut ei flis slik at låsbolten bare kunne skyves til side.**

I et intervju med barnehagestyrer Jarle Haakonseth sa han at tyvene har brutt seg inn på en slik måte at en kunne tro vedkommende har gjort det før. Grunnen til at en kan tro dette er at tyvene kuttet av små deler av dørene ved låsen, slik at den kunne tvinges opp. Dette ble gjort på alle dørene tyvene gikk gjennom. De kuttet også strømmen og rev ned alarmen på diskoteket.
Innbruddstyvene hadde nok ingen interesse av å ta noe deler til musikkanlegget, for det ble ikke rørt.
Samme natten var det også innbrudd på skolen, men der ble det ikke tatt noe.



**Her ser du alarmen som ligger på gulvet. Den ble revet av veggen og ødelagt. Du ser også ledningen som ble kuttet av.**

Et vitne sier han så en person som gikk rundt å kjente på alle dørene på kommunehuset. Deretter forsvant personen opp på skolen. Men noe innbrudd så ikke vitnet.

Det var et tilsvarende innbrudd på Frakkagjerd samme helgen, der tyver stjal innmat til flere dataer.
Det er en mulig at det er en sammenheng mellom disse innbruddene, men det har ikke politiet noen konkrete bevis på.
Politiet har et navn som de skal sjekke, men har foreløpig ingen mistenkte i saken. Viss noen har opplysninger, enten dere har sett noe eller noen som kan være av interesse, oppfordrer politiet dere å kontakte lensmannskontoret i Tysvær.

**Her ser du "Uglaburet" slik det så ut da tyven(e) var ferdige.**

# RUSSEN INNTAR BOKN!

**Tekst og foto: Jarle Haakonseth**

Alle har me vel både lest og høyrt om russens eskvapader i Kongeparken og elles i russefeiringa.

Det var difor med gru me fredag 14.05. kunne observera rasen her på Bokn.

**Rosarussen har invadert Boknafjellet.**

Men heldigvis så viste det seg å vere rosaruss frå Rusvik Naturbarnehage i Kopervik. Men skikkelege russ, det var dei, med Skikkelakke-rop og andre rop – og russakort!

Selvfølgelig hadde dei òg draktar, himalagte, men dog.

Så kva gjorde dei her på Bokn?

Etter tradisjonens tro skulle dei te fjells og koka pølser. Dette begynte dei med for ni år sidan, og det har blitt ein tradisjon dei ikkje vil gje slepp på. "du ser, " fortsatte dei, "rødrussen på Karmøy hadde som tradisjon å bestiga ein topp på Karmøy, så rosarussen kunne ikkje

**På veg mot toppen.**

vere dårlegare. Og Boknafjellet er høgare enn det som rødrussen er på, nærare bestemt 30 meter."

Og me skjønar tradisjonen, for ei betre utsikt skal ein leita lenge etter !!!:



## BARNEHAGEN PÅ INTERNETT

Bokn barnehage har no komen ut på nettet. Vi skal få eigen heimeside, saman med resten av kommunen. Denne er under utarbeidelse, og me håpar på eit godt resultat.

Eit av måla med ei heimeside for barnehagen vår, er at ein skal kunne hente inn søknadsskjema frå den store verda, rett ned til pc-en sin.

Elles har me òg fått ny e-post adresse, som går direkte til barnehagen: bokn.barnehage@c2i.net

## OPPTAK BARNEHAGE/ FAMILIEBARNEHAGEN

Når det gjeld opptaket av året 99/00 er dette i gang. Når det gjeld familiebarnehageavdelinga vår, ser det ut som om denne heng i ei tynn tråd, då mange søkjarar har trekt søknaden. Dette har ført til at det ser ut som om me skal få plass til alle i bygget på Kyrkjebygd.

Dersom ein framleis har ynskje om plass i barnehagen, har me nokre få ledige, ta kontakt.

*Jarle Haakonseth, seksjonssjef*

## SKATTEETATEN "EFFEKTIVISERER"

Det er ikkje berre Posten som "effektiviserer" om dagen. Nå fylgjer skatteetaten etter. Sannsynlegvis vil dette føra til betre og meir effektiv drift for desse etatane, mens kundene stort sett opplever dette negativt, og vender tommelen ned.

*Sentralisering* er som kjent eitt av stikkorda for desse "effektiviseringane", og Fylkeskommunen har kjøpt inn nye tenester frå Telenor for å "samla" telefontenestene.

For å koma til Gaute på Bokn likningskontor må du no ringa 815 32 666:

Du blir ynskja velkommen til skatteetaten
Du får tre alternativ:
Tast 1 for folkeregisteret
Tast 2 for skattekort
For andre henvendelser, tast 3

Etter å ha tasta 3 får du beskjed om å tasta inn postnummeret ( 5561 ). Du kjem så til Tysvær eller Sauda. Så spør du etter Gaute, og du blir sett over.

*- Heldigvis så e det'kje eg så har stelt i stand dette, seier Gaute til Bygdabladet.....*

# TIL KOSOVO



Hanne Marte Vatnaland (tv.) og Runa G. Schmeichler hadde laurdag 12. juni basar på Bokn Handelslag og Alvestadkroken Landhandel til inntekt for Kosovo. Dei starta i 9.00-tida og heldt det gåande til kl. 15.30. Over 100 personar tok lodd, og dei kunne m.a. vinna skåler, fat, porselensting, bokbind, temperaturmålar, ring, solbriller og fotballmenn med tyggiskuler.

Dei fekk inn kr. 820,-

Honnør til initiativtakarane, og takk til butikkane som sponsa jentene med gevinstar!

## MARIT VASSAUSE

**I følge boka *Som året går* er den 20. juli Marit Vassause-dagen. Nå skulle høyonna være i full gang, og interessen for været var stor. Folk sa at hvis Marit Vassause fikk noe i ausa si, ville det bli regn i flere uker, og vondt å få høyet tørt.**

**( Kanskje ikke det store problemet i dag..... )**

## HUNDEDAGENE

Det sies så mangt om Hundedagene, som begynner 23. juli og varer en hel måned framover. Folk sier f.eks at når Hundedagene går inn med stygt vær, så..... I boka *Som året går* står det følgende: I Norden ble de kalt *røtedager*. Den første delen av ordet ble satt i forbindelse med *råtne*. Det het at maten ville råtne lett da, at hundene var gale og farlige og at en ikke måtte bade fordi vannet var giftig, og heller ikke la seg årelate.

SERIE STUBBAR OG ORIGINALE SVAR

*- av Birger Lindanger -*

# DRAP, HEKSERI OG STELING

## Tunge tider på Are på 1600-talet

av Birger Lindanger

### Hard straff for lite brotsverk

Ved inngangen av 1600-talet, delte to bønder Are: Per og Kollbjørn. Dei to bruka blei rekna til 27 spann korn landskyld kvar, litt større enn gjennomsnitts gardar på den tida. Så hende det at ein kar som heitte Anfinn Eriksson dukka opp på øyane her. Han var ein framand fugl og kom heilt frå garden Ulve i Slidre prestegjeld i Valdres. Valdres høyrde forresten også til Stavanger bispedømme på 1600-talet.

Anfinn blei glad i ei jente i Bokn – dotter til Guttorm på Vatnaland. Og då Per Are kjende seg for gammal til å driva bruket sitt i 1612, slo dei to unge til, gifta seg og tok over denne delen av Are. Samstundes fekk Per folge hjå dei to unge.

Men Anfinn hadde ein lei veikskap – han hadde vanskar med å skilja mellom sitt eige og andre sin eigedom. Ryktene tok snart til å gå, men utan at lensmannen fekk noko visst på han. Som det var vanleg for boknarane alt på 1600-talet, farta dei vidt langs kysten. Slik var det også med Anfinn – han drog både til Bergen og Stavanger med varer han hadde for sal – fisk og korn for å nemna det viktigaste.

Såleis var han i Stavanger og raspa der med seg ein full smørambar frå Torbjørn Bergsåker. Men Torbjørn fann ut kvar ambaren hadde teke vegen. For å unngå rettssak sende då Anfinn - med gamle Per som vitne – ein dalar til betaling for ambaren. Slik heldt han lensmannen frå dørene den gongen.

Meir alvorleg var det at han etter ein bergenstur drog med seg ein færing som eigentleg høyrde til Hans Messinggård – ein bonde frå strilelandet. Båten selde han vidare for tri dalar – kring 6000 kroner - til Laurits Kvitsøy. Etter mykje strev fann Hans ut kvar båten var blitt av, men då hadde Laurits seld han vidare.

Men det som fekk garnet til å snøra seg saman kring Anfinn, var då han rett før jul 1625 fekk vanskar med å få endane til å møtast. Så gjekk det ikkje likare enn han drog med seg ei geit frå sjølvaste svigerfaren på Vatnaland. Han slakta geita og selde noko av kjøtet hjå Jens Madsen og noko på Økland.

Dette førde til at lensmannen – Gudmund Fosen – greip inn og stemnde Anfinn for retten. 13.februar 1626 blei Anfinn førd til tingstova på Hesby på Finnøy for å dømast der. Han forsvara seg så godt han kunne og påsto at alt var ærleg og redeleg kjøpt. Såleis hevda han at han kjøpt geita av ein omfarande bergenskremar.

